



## Referat

### Medlemsmøte i Leikanger Båtlag

Stad: Sognefjord Hotell, Hermansverk, torsdag 29. februar 2024; etter årsmøtet

#### 1. Orientering frå styret / leiar

##### Orienteringssak: Utleige og prisar

I samsvar med vedtektene § 19 er det styret som skal fastsetje maksimal utleigepris. Styret har i styremøte 14.01.24 vedteke å setje maksimal utleigepris til kr. 1.200 pr. breiddemeter pr. år. Denne summen vil, også for dei smalaste plassane, vere tilstrekkeleg til å dekkje medlemspengar og eventuell dugnadssum. Utleigeprisane vert printa ut, laminert og hengt opp i klubbhuset. Vi får ved høve vurdere om satsane også skal inn på nettsida under vedtekter § 19.

Styret fekk i medlemsmøtet fleire tilbakemeldingar på fastsett maksimalpris, og vil ta opp innspela til vurdering på snarleg styremøte (før påske).

Det er fleire medlemmar som ikkje verken nyttar eller leiger ut tildelt båtplass, og det er fleire «ledige» båtplassar som kan vere aktuelle i samband med omplassering av båtar, som diskutert i årsmøtet.

Etter § 20 pliktar medlem som ikkje nyttar plassen å leige den ut. Styret kan, etter denne § - etter å ha gjeve varsel - gjere vedtak om å løyse inn plassen. Styret erfarer at enkelte ønskjer å leige plass, men ikkje har fått høve til dette. Styret vil følgje opp dette framover, slik at vi sikrar mest mulig aktivitet i hamna.

Ikkje alle som leiger ut har meldt frå om dette, og det er viktig for hamnenemnd og styret å ha oversikt over kven som eig båtar på dei ulike plassane i hamna; både mtp. tilsyn, trykkleik/fortøyning, ferdsel og ev. omplasseringsbehov. Styret vurderer behovet for å gjere ein "ryddejobb" for å skaffe oversikt over status på utleige.

#### 2. Dugnad 2024

Aktuelle dugnadsoppgåver:

- Ferdigstille målearbeid på klubbhuset (nord og aust)
- Skrape skjell i begge hamner
- Olje vestre hamn og gjestehamn
- Rydding, stell og vedlikehald
- Støyping av høgare kant ved nedkøyning vestre hamn
- Ved behov eventuell eigeninnsats i samband med asfaltering
- Fylle i hol i veg (i samband med asfaltering)
- Vi bør også vurdere dørkplate med mønster eller limtape på alu.plater under landgang – så det vert meir sklisikkert.
- Det vert gjort løpande utbetring og utskifting av moringar m.v.

Styret vil halde meir oversikt over kvalitet på gjennomført dugnad, og vil m.a. leggje fram dugnadslister i klubbhuset for signering. Dette for å sikre at dei som skal stille faktisk møter opp. Dersom ein ikkje møter på dugnad vert ein fakturert med kr. 2.000.

Ved utsending av medlemskontingent vurderer vi å leggje inn formulering om at ein ved innbetaling også kan kjøpe seg fri frå dugnadsdeltaking.

### 3) Ymse

#### Aktivitetar

- Aktuelt med medlemskveld – informasjon frå RS m.v.? Aktuelt med førstehjelpskurs m.v.
- Når det gjeld aktivitetar prøver vi i RS frivillig å få til 2-3 arrangement i båthamna i sommar. Det eine vert ein "kopi" av det vi hadde i 2022, i tillegg vil vi prøve å få til eit par dagar med "Elias". (RS Frivillig består av Evy Solbakken, Jens Bjarne H, Kurt Lerum, Arild Viken og Jan Atle Woll)
- Sommarmoro / aktivitetsdag i samarbeid med Jakt- og Fiskelaget
- Fiskekonkurransse i regi av Jakt- og Fiskelaget
- Aktuelt å invitere inn Move Sogn og andre mtp. utstilling/demo av båtar og utstyr?

Dersom nokon kjenner til at andre lag og foreiningar skal gjennomføre relevante aktivitetar kan dette meldast inn til styret i båtlaget, så vidareformidlar vi til alle medlemmar.

---

Svein Helge Steinsåker/referent

Bjarne Sjøthun/leiar

Etter avslutta medlemsmøte var det nokre diskusjonar om kameraovervakinga i hamneanlegget. Styret følgjer opp dette framover i høve krav og føringar frå m.a. Datatilsynet.